

# Prosjektplan Votna(fond)

godkjent i styringsgruppa 24.3.2017

## Bakgrunn

Ål kommune har fått utarbeid to konsulentrapportar om tilhøve i vassdraget Votna. Både Asplan Viak (rapport datert 30.3.2015) og Rambøll (rapport datert 6.3.2014) har kome fram til at tilstanden i vassdraget er god, men utviklinga er negativ. Difor må vi snu denne trenden slik at tilstanden heldt seg på god. Konklusjonen i rapporten frå Asplan Viak seier at utsleppet til Votnavassdraget må reduserast med minimum 44 kg P/år. Dei peikar også på at det er frå mindre avløpsanlegg og frå landbruket at denne reduksjonen må skje.

STNR vedtok i sak 62/16 dette:

*Sektorutval for teknisk, næring og ressurs ber administrasjonen om å sette i gang eit prosjekt i samarbeid med bondeorganisasjonane og bøndene i Votnavassdraget. Finansiert av midlar frå Votnafondet. I fyrste omgang er det ønskje om at dette vert ei studentoppgåve der eit konsulentfirma er med som rettleiar. Prosjektet skal starte opp i 2017. Det skal informerast godt om prosjektet på førehand.*

*Følgjande bør det skaffast oversikt over tilstand på:*


- *Alle avløpsanlegg. Desse skal også koordinatfestast.*
- *Alle gjødsellager og pelsdyrfarmer. Desse skal også koordinatfestast.*
- *Alle lager av silosaft. Desse skal også koordinatfestast.*
- *Alle lager av rundballar. Desse skal også koordinatfestast.*

*I tillegg:*

- *Registrere kor gamle rundballar, gamal silo, talle og anna avfall frå landbruket vert kasta.*
- *Koordinatfeste alle drikkevasskjelder og kva type.*
- *Registrere alle oljetankar.*
- *Registrere utedrifter og der det er tilleggsforing på beite i vasskanten*
- *Pålegge alle som er kopla til kommunalt avlaup å montere vassmålarar.*
- *Vurdere utvida prøvetaking i bekkar og elver.*
- *Vurdere lokal forskrift for spreining av husdyrgjødsel og om det er aktuelt med ugjødsla randsoner mot bekkar og elver. Vurdere om spreieareal til kvar einskild er stort nok.*
- *Vurdere fangdammar*

*Ny tilstandsrapport i 2024.*

## Organisering



### Styringsgruppe

Tone Tveito Eidnes (Rådmann), Reidun Aaker (drifts- og utviklingsjef), Svein T. Furuhaug (Avdelingsleiar VAR) og Knut Einar Haug (representant frå landbruksnæringa).

### Referansegruppe

Svein T. Furuhaug (Avdelingsleiar VAR), Øystein Tårneby (råddevar VAR), Borgar Underdal (byggesak), Ingvild Sundgot (vassressurs), Torleiv Torgersen (GIS/kart), Bjørg Torsteinsrud (landbruk)

### Prosjektansvarleg og prosjektleiar

Reidun Aaker er prosjektansvarleg.

Silje Utne Bjørke er tilsett som prosjektleiar i 50% stilling i fyrste omgang for perioda 1.3.17-15.5.18

## Økonomi

Det er Hallingdal Hytteservice som betaler inn følgjande til Votnafondet:

2016	625 000
2017	625 000
2018	625 000
2019	500 000
<u>Sum</u>	<u>2 375 000</u>

Alle utgifter skal dekkast av Votnafondet. Kommunen bidreg og med eigeninnsats. Dette gjeld arbeid i styringsgruppa, referansegruppa, prøvetaking med meir.

Utgifter som vi ser for oss i prosjektet er mellom anna løn, reise/kurs, konsulentbistand, analysekostnadar, møtekostnadar og eventuelle utvalde tiltak. Utgifter skal utgiftsførast på (art). 6020.3604.275 i Ål kommune sitt rekneskap.

Budsjettet er førebels sett opp for 2017-2018 og styringsgruppa skal vedta budsjett for resten av perioden når vi har fått betre oversikt.

Budsjett	2017	2018
Løn	300 000	300 000
Analysekostnadar		100 000
Reise/kurs	5 000	5 000
Møtekostnadar	5 000	5 000
Info, port mv	5 000	5 000
Sum	315 000	415 000

## Gjennomføring

Det skal utførast synfaring langs vassdraget på tider av året ein forventar å kunne oppdage ureiningskjelder via sidebekkar og grøfter. Aktivitetar og anlegg i nedbørfeltet som har størst påverknad på vasskvaliteten, skal kartleggast og det skal gjevast råd om korleis unngå unødig ureining.

Det er vedteke at det skal gjennomførast synfaring på alle eigedomar for å sjå korleis tilhøve er med tanke på ureining/potensiale for ureining. Det kan vera tenleg å avgrense dette noko og starte med utvalde tema og strekningar. Kartleggingsarbeidet skal starte øvst i vassdraget. Det er viktig å teste ut opplegget før det vert gjennomført i stor skala. Eigar skal varslast på førehand og det er eit mål med besøket å kunne drøfte praktiske løysingar og gje råd om kva som kan gjerast for å minke ureining.

Desse tema skal kartleggast:

- Privat avløp
- Drikkevasskjelder
- Oljetankar
- Vassmålar (gjeld dei som er kopla til kommunalt vassverk)
- Evt andre tilhøve som kan utgjere ureiningsrisiko

Gjeld berre landbrukseigedomar:

- Gjødsellager
- Pelsdyrfarm (i drift eller nedlagt)
- Rundballelager
- Silopressaftlager
- Plass for kasting/lagring av gamle rundballar, talle og fôrrask (evt. anna avfall)
- Utedrifter

Andre oppgåver

- Vurdere utvida prøvetaking i bekkar og elver
- Vurdere lokal forskrift for spreining av husdyrgjødsel som kan vera meir fleksibel og tilpassa lokale tilhøve. Vurdere om det er aktuelt med ugjødsla randsoner mot bekkar og elver. Vurdere kva spreieareal som er minst/mest sårbar for sein spreining og drøfte praktiske løysingar for kvar gard.
- Ny tilstandsrapport skal utarbeidast i 2024

## Milepælar

1. Prosjektleder tilsett og opplært
2. Prosjektplan godkjent – mars 2017
3. Info om prosjektet er gitt – mars-april 2017
4. Kjelder til tilgjengeleg info om vassdraget og aktivitetar samla – mai 2017 og deretter fortløpande
5. System (t d bruk av nettbrett) for å samle info tilrettelagt og klart – mai 2017
6. Sjekkliste utarbeidd – april 2017
7. Test kartlegging utført mai 2017
8. Sjekkliste evt revidert - mai 2017
9. Fyrste kartleggingsrunde er utført – okt 2017
10. Evt revisjon av opplegget og budsjett for 2019-2023 vedteke – haust 2018

Aktivitetar	Tidspunkt	Ansvarleg
<b>2017</b>		
Styringsgruppemøte	Mars 2017	Styringsgruppa
Møte med landbruksnæringa	April 2017	Styringsgruppa
Møte lokalt Leveld, Vats og (Votndalen?)	Mars-april 2017	Styringsgruppa
Opplæring prosjektleder	Mars - april	Styringsgruppa og Prosjektleder
Referansegruppemøte	April 2017	Prosjektleder
Info til innbyggjarane om at feltarbeidet startar opp	April 2017	Prosjektleder
Grovplanlegging område	April 2017	Prosjektleder
Detaljplanlegging av kartleggingsrunde 2017	April 2017	Prosjektleder
Kartleggingsrunde 2017	Mai – oktober 2017	Prosjektleder
<b>2018</b>		
Dokumentasjon, oppfølging	Vinter 2017/2018	Prosjektleder
Detaljplanlegging kartleggingsrunde 2018	April 2018	Prosjektleder
Planlegging prøvetaking	April 2018	Prosjektgruppa
Evaluering og revisjon av opplegg og fastlegging av budsjett og prioritering for resten av prosjektperioden	Oktober 2018	Styringsgruppa

## Rapportar

Prosjektleder skal føre prosjektdagbok og levere kort rapport til PA og styringsgruppe når kvar milepæl er nådd. Det skal lagast ein sluttrapport når prosjektet er ferdig i 2020. For åra 2017, 2018 og 2019 skal det lagast enkle årlege statusrapportar.

Ny tilstandsrapport skal vera klar i 2024.